



Thore Lid Knarvik
Knarvikgarden
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7015 - 14/23221

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
15.10.2014

Svar på søknad om avkjørsle frå kommuneveg - GBNR 121/1 Knarvik (Lauvåssjøen) - areal til bustad

Teknisk drift syner til brev motteke 13.10.2014 vedkommande søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining – delingssak gbnr 121/1 Knarvik Nord.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til utvida bruk for 1 bustadeining – delingssak gbnr 121/1 Knarvik Nord på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal snu på eigen grunn. Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligare informasjon vedkommande tekniske krav finn ein på www.lovdata.no (Veglova og forskrift 1964-07-16 nr 3905) og www.vegvesen.no (vegnormal N100)
- Ei føresetnad for avkjøringsløyve er at det vert gitt løyve til etablering av bustadtomt.

Vi gjer merksam på at arbeid med utbetring av avkjørsle er søknadspliktig tiltak hos byggesak.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.



Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak
Lindås kommune ved vegavdelinga

Mottakrar:

Thore Lid Knarvik

Knarvikgarden

5955

LINDÅS